



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kommunane Ørskog og Sykkylven Fråsegn til søknad om å bygge 10 småkraftverk

Grytavatnet -, Kverve -, Vaksvik -, Vestre – og Ørskogelva kraftverk i Ørskog kommune og Aurdal -, Kroken -, Øvre og Nedre Huna - og Gimsdal kraftverk i Sykkylven kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgjande konklusjon:

Etter ei samla vurdering fremjar Fylkesmannen motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til omsøkte planar for utbygging av Nedre - og Øvre Huna, Gimsdalselva, Aurdalselva, Vestreelva, Kroken/Regndalen og Ørskogelva.


Motsegnene i Nedre Huna, Gimsdalselva og Aurdalselva er tufta på omsynet til anadrome fiskebestandar. Dei aktuelle bestandane er svake, men dei naturgjevne tilhøva ligg til rette for å bygge dei opp att. Det er i dag ei prioritert oppgåve å styrke dei anadrome fiskartene i desse vassdraga. Motsegna i Øvre Huna er knytt til førekomsten av den nasjonalt sers sjeldne karplanta færøymarikåpe og gjeld konkret for vassinntak høgare opp enn kote 305. Motsegna i Vestreelva gjeld omsøkte trasé for røyrledninga som går gjennom ei nasjonal verdfull rikmyr. Motsegna i Kroken/Regndalen er med bakgrunn i at dette er eit kjerneområde for biologisk mangfald i denne delen av fylket, og at ei utbygging vil få negative konsekvensar for både regionale og nasjonale naturverdiar. Motsegna i Ørskogelva gjeld flytting av vassinntak nedstraums for å ta vare på verdfulle, opphavlege landskaps- og vassdragskvalitetar.

Fylkesmannen vil rå i frå føreliggande planar om utbygging av Grytavatnet kraftverk. Kraftstasjonen bør flyttast lenger opp i vassdraget eller ein ny røyrtrase utgreiast.

Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av Kverve kraftverk og Vaksvik kraftverk.

1. Generelt

Vi viser til brev 07.04.2014 om å kome med fråsegn innan 30.06.2014 til 10 småkraftverksøknader i kommunane Ørskog og Sykkylven. Geografisk lokalisering av omsøkte kraftverk samt andre liknande anlegg i området er gjeve i figur 1.



Figur 1. Omsøkte kraftverk (blå ellipsing) i foreliggjande sak sett i forhold til andre liknande saker i kommunane Sykkylven og Ørskog. Oversiktskartet henta frå NVE si heimeside.

2. Dokumentasjonen i prosjekta

Naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen på terrestriske kvalitetar er etter Fylkesmannen si vurdering stort sett tilstrekkelege for å tilfredstille krav til kunnskapsgrunnlag, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Søknadene er best når det gjeld konsekvensane av inngrep på grunn av røytraséar. Nokre burde hatt ei betre fokusering på ikkje minst mosar som kan vere avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring.

Søknadene legg lite vekt på § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning. Ei samla vurdering av fleire kraftverkssøknader i eit område er i samsvar med nye rutinar for behandling av søknadar om konsesjon for småkraftverk, NVE 21.03.2012. Fylkesmannen er positiv til å vurdere prosjekta samla. Denne utfordringa er mellom anna omtala i Riksrevisjonen sin undersøking omkring effektivitet i konsesjonshandsaminga av fornybar energi. Manglande avklaring om samla belastning er i følgje Riksrevisjonen ei utfordring etter både EU sitt direktiv om konsekvensutgreingar og etter naturmangfaldlova. Vi finn det uheldig at fleire av sakene i kraftverkspakka Sykkylven-Ørskog ikkje har vedlagt sine endelege fagrapportar. Dette kjem vi attende til.

Mange av dei ferskvassøkologiske granskingane som ligg ved er sviktande. Kan hende skuldast dette at dei økonomiske føresetnadene ikkje er tilstades for å gjennomføre fullverdige granskingar. I mange høve er difor søknadene mangelfulle på dette punkt. Spesielt gjeld dette omsynet til virvellause akvatiske dyr. Vi veit at generell økologisk kunnskap tilseier at mangfaldet av liv i den typen ferskvasslokalitetar det her er snakk om, i alt vesentleg er ei rekkje insektartar som t.d. stein-, døgn- og vårfluer samt ein rekkje arter av tovingar. Å skulle vurdere biologiske og økologiske effektar som følgje av reduserte vassmengder og ulike driftsregimer, let seg ikkje gjere utan kunnskap om desse dyregruppene. Søknadene nemner i mange høve at data om dette manglar. Trass i desse manglane formulerer likevel søknadene konklusjonar på kva effektar reguleringa vil ha å seie for dei nye livstilhøva i vassdraget.

Dei ferskvassøkologiske konsekvensane av reguleringa er som regel vurdert ut frå tilhøva for fisk og då spesielt anadrome fiskearter, i våre tilfelle laks og sjøaure. Vi finn óg å måtte trekkje fram sviktane kvalitet på granskingane av anadrome fiskebestander. Lengde lakseførande strekning og kva del av denne som blir påverka av reguleringa finn vi ofte ikkje opplysningar om. Anadrome fiskeartar er prinsipale sider ved dei sakene det her er snakk om. Vi kjem i vedlagte fråsegn difor med krav om nye/utvida granskingar av fiskeribiologiske tilhøve (Vikeelva/Glimsdalselva, Aurdalselva og Huna).

Vassforskrifta

I Vann-nett er elvane Huna, Vikeelva/Glimsdalselva, Ørskogelva og Vaksvikelva oppført som vassførekomstar med god økologisk tilstand (GØT). Utbygging til kraftformål vil påverke dei økologiske tilhøva. Vi føreset at NVE vil vurdere dette opp i mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep). Kroken/Regndalen, Aurdalselva og Vestreelva var ikkje å finne i vann-nett. Med den kunnskap vi sit inne med er det grunn til å tru at også her gjeld GØT.

3. Vår vurdering av dei ulike prosjekta i Ørskog kommune

3.1 Grytavatnet kraftverk

Kort om søknaden

Grytavatnet kraftverk vil nytte eit fall på 255 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 475 til kraftstasjonen på kote 220. Vassvegen er planlagd som 3490 meter nedgrave røyrgate på sørsida av elva. Det er planlagd 190 meter ny veg til kraftstasjonen og mellombels anleggsvei langs røyrkata. Middelvassføringa er 0,88 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2,19 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 3500 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s om sommaren. Grytagrova vil òg bidra til vassføringa i elva. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,3 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 13,5 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 04.11.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 1-4 synfaringsdagen 04.11.2013

Foto 1) frå øvste del av vassdraget ved planlagt vassinntak, 2 og 3) frå midtre del av planlagt regulert strekning og 4) frå nedre del av influensområdet

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnet som stort sett godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte.

Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulenten eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane, men vi saknar ei betre fokusering på vegetasjonen langs og i vassdraget, ikkje minst for mosar som kan vere avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring. Vi ser det som positivt at synfaringsruta er vist på eit kart i miljørapporten.

I den nedre delen av utbyggingsområdet kjem røytraseen i konflikt med ei verdfull rikmyr (foto 5).

Foto frå konsesjonssøknaden




Foto 5. *Terrenget sett austover (motstraums) med stipla line for røytrase opp mot vassinntaket.*

Ørskog er eit av kjerneområda i fylket når det gjeld rikmyr. Karplantefloraen kan karakteriserast som sers artsrik og det er også registrert fleire kravfulle rikmyrartar av mosar. Etter den nasjonale raudlista for naturtypar (2011) er både rikare myrflate og myrkantmark i låglandet vurdert til å vere sterkt trua.

Inngrep i myra inneber ikkje berre direkte konsekvensar, men røytrøfta kan i tillegg få ein drenerande effekt på lokaliteten utover traseinngrepet. Sjølv om røytraseen vil kome i ytterkanten av myra, er dette likevel ikkje noko god løysing. Vi ser det som ønskeleg å unngå inngrep både i myra og i overgangssona mellom myra og vassdraget.

Det har ikkje kome fram informasjon om spesielle naturverdiar som er avhengig av dagens vassføring. Skogen langs elva, med mellom anna bjørk og osp, er karakterisert til å vere for ung og for soleksponert til å ha fått utvikla interessante eller kravfulle lavartar, sjølv om det langs dei øvste moreneryggane er innslag av eldre grupper med tre.

Det er ikkje gjort raudlistefunn i området, men det er eit potensiale for slike funn på rikmyra. For resten av utbyggingsområdet vert potensialet vurdert som lite. Dette på grunn av mangel på egna substrattypar som førekomst av til dømes kravfulle edellauvtre samt rike lågurt-samfunn som ofte er saman med slike. Det er òg mangel på kontinuitet for daud ved.

Landskap/friluftsliv

Sollisetra, Grytalisetra, Hjellesetra og Visetsetra ligg alle innafor nedbørsfeltet. Fleire av stølshusa er haldne i god stand og er ombygd eller nybygd til moderne hyttestandard. I området ved Sollisetra er det hyttefelt med mange nyare hytter. Vaksvikfjellet er eit svært populært utfartsområde til alle årstider. Særleg vegen til Grytalisetra (bomveg) er mykje nytta sommar og haust. Tur til Grytavatnet og Lauparen, eit av dei populære toppturane i området, startar her og det går god sti frå Grytalisetra, som ikkje ligg langt i frå inntakstaden for vatn til det omsøkte kraftverket.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstrams anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elveøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Plassering av inntaket vil redusere arealet av INON sone 1 (3-5 km) med 1,8 km² og 1,8 km² i sone 2. Dette bortfallet vil vere en varig konsekvens. Dette er eit inngrepsfritt område som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie områder. For å redusere bortfall av INON-område og samtidig skjule anlegget og terrenginngrep, må det vurderast å flytte vassinntaket lenger nedstrams.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

På grunn av konflikten med rikmyra, vil vi rå frå at prosjektet blir gjennomført slik som det er søkt om. Enten bør kraftstasjonen flyttast lenger opp i vassdraget eller så bør ein ny røyrtasé utgreiast.

3.2 Kverve kraftverk

Kort om søknaden

Kverve kraftverk vil nytte eit fall på 130 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 200 til kraftstasjonen på kote 70. Vassvegen er planlagd som 2540 meter nedgrave røyrgate på nordsida av elva. Det er planlagd å forsterke 220 meter av eksisterande veg og byggje om lag 30 meter ny veg til kraftstasjonen. Langs røyrgata ønskjer grunneigarane å byggje ein om lag 2,2 km lang permanent skogsveg. Middelvassføringa er 2,3 m³/s og kraftverket er planlagd

med ein maksimal slukeevne på 4,6 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 3030 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 250 l/s om sommaren og 210 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,7 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 14,6 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 04.11.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1 og 2.

Foto Leif Magnus Sættem




Foto 1-2 synfaringsdagen 04.11.2013

Foto 1) frå midtre del av regulert strekning ved Gjerdet og 2) lokalitet for kraftstasjonen, foto teke oppstaums frå gamlebrua

Biologisk mangfald, terrestrisk

I rapporten er det sider ved kunnskapsgrunnlaget som burde ha vore noko betre utdjupa og ein kan ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Vi saknar først og fremst ei betre fokusering på vegetasjonen langs og i vassdraget, først og fremst når det gjeld mosar som kan vere avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring som til dømes ved Storfossen. Vi ser det som positivt at synfaringsruta er vist på eit kart i miljørapporten.

Det er registrert ein artsrik karplanteflora i den øvre delen av området og med fleire kravfulle artar og med potensiale for fleire. Det vart òg påvist nokre karakteristiske rikmyrartar av mosar. Det er likevel ikkje registrert raudlisteartar eller verdifulle naturtypar som kan bli negativt påverka av redusert vassføring eller som røyrtraseen kan kome i konflikt med.

Rapporten inneheld ei relevant vurdering av potensialet for raudlisteartar. Det er opplyst at skogen langs elva, med bjørk, furu, gråor og osp, er for soleksponert til å ha utvikla forhold for interessante eller kravfulle lavartar. Den nedste delen har ein del gran langs elvekanten og vegetasjon er påverka av gjødsel. Potensialet for sopp er òg vurdert.

Røyrleiingstraseen går klar av rikmyra på nordsida av elva, men Raudgrovmyra vil bli påverka. Den er karakterisert til å vere fattig og med oppslag av kjerr og furu. Sjølv om myra av den grunn ikkje er nærmare omtala, vil vi merke at all myrer i låglandet i prinsippet er viktige. Mellom anna på grunn av at hovudnaturtypen er på tilbakegang på grunn av både oppdyrking og andre inngrep.

I figur 2.2.8.1 i rapporten er røyrtraseen vist som samanfallande med ein permanent skogsveg. Vi har kontakta skogbruksansvarleg i kommunen som opplyser at denne ikkje er godkjent eller på anna vis avklart i høve til skogbruksinteresser. Eventuell godkjenning som skogsveg etter forskrifta om landbruksvegar inneber eit minimum av økonomisk drivverdig skog i vegen sitt dekningsområde.

Landskap/friluftsliv

Elva renn godt gøymt i furublandingsskog på det meste av strekninga frå inntaket på kote 200 moh og nesten ned til planlagt kraftstasjon på kote 70 ved Gamlebrua. Berre på delar av dei siste 600 meter ovanfor Gamlebrua er elva synleg frå gardsvegar og dyrka areal. Elvebotnen har mykje fast fjell og grovt botnsubstrat på store delar av strekninga. Storfossen er den einaste typiske fossen på utbyggingsstrekninga. Den er ikkje synleg i landskapsbildet. Små og store kulpar avløyst av stryk og roligere parti dominerer det meste av strekninga. Område mest nytta til friluftsliv ligg høgare opp i vassdraget.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstraums anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elvøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Omsøkte kraftverk får ingen konsekvensar for INON områder.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av Kverve kraftverk

3.3 Vaksvik kraftverk

Kort om søknaden

Vaksvik kraftverk vil nytte eit fall på 55 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 65 til kraftstasjonen på kote 10. Vassvegen er planlagd som 730 meter nedgrave røyrgate på sørsida av elva. Det er planlagd å byggje om lag 220 meter ny veg til kraftstasjonen og om lag 20 meter ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 2,3 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 4,66 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 750 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 260 l/s heile året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 5,1 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 04.11.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 1-4 synfaringsdagen 04.11.2013

Foto 1) nedstraums frå gamlebrua mot staden for demning og vassinntak, 2) nedstraums i elvejuvet i midtre del av regulert strekning og 3) motstraums i elvejuvet og 4) motstraums i området for kraftstasjonen

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulenten eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane.

Området er strekt påverka av landbruk og det vart ikkje registrert spesielle biologiske kvalitetar og naturtypar som kan bli påverka av ei utbygging. Det er opplyst at karplantefloraen er ikkje særlig artsrik. Lav- og mosefloraen er karakterisert som vanlige, men med moseartar som har høge krav til fukt. Rapporten inneheld ei utfyllande artsliste.

I rapporten er det gitt ei vurdering av potensialet for sjeldne eller raudlista arter. Dette potensialet er vurdert som lite på grunn av fattig berggrunn og ei sterk og langvarig negativ kulturpåverknad.

Det er informert om funn av raudlistearten alm, men vi kan ikkje finne observasjonen på Artskart. Vi forstår det slik at røyrgata/kraftstasjonen ikkje vil kome i konflikt med dette funnet.

Landskap/friluftsliv

Heile influensområdet ligg i eit utbygd landbruksområde med infrastruktur og terreng-inngrep.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstrams anadrom strekning. Driftsvatnet frå kraftstasjonen kjem ut i øvste del av anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elveøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Vaksvik kraftverk vil ikkje endre INON grenser.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi har ikkje spesielle merknader til utbygging av denne delen av vassdraget ut over at driftsvatnet frå kraftstasjonen må kome ut øvst på lakseførande strekning. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning.

3.4 Vestre kraftverk*Kort om søknaden*

Vestre kraftverk vil nytte eit fall på 298 meter i Vestreelva, frå vassinntaket på kote 300 til kraftstasjonen på kote 2. Vassvegen er planlagd som 2600 meter nedgrave røyrgate på søraustleg side av elva. Det er planlagd å byggje om lag 300 meter ny veg til kraftstasjonen og mellombels anleggsvei langs røyrkata. Middelvassføringa er 0,47 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 1,1 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 2860 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 25 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7,1 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 21.11.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulenten eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane, men vi saknar ei betre fokusering på vegetasjonen langs og i vassdraget, ikkje minst for mosar som kan vere avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring. Vi ser det som positivt at synfaringsruta er vist på eit kart i miljørapporten.

Etter rapporten er lav- og mosefloraen i hovudsak vanleg, men det vart likevel påvist einskilde karakteristiske rikmyrartar av moser. Skogen langs elva, med mellom anna bjørk og osp, er karakterisert til å vere for ung og for soleksponert til å ha fått utvikla interessante eller kravfulle lavartar. I mellom anna den samanheng er potensialet for sjeldne artar vurdert.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 1-4 synfaringsdagen 21.11.2013

Foto 1) motstraums i øvste del av regulerte elvestrekning, 2) motstraums frå bru på Øvstevegn i nedre del av regulert strekning, 3) motstraums i området for lokalisering av kraftstasjon og 4) motstraums i elveutløpet til fjorden

Som det går fram av miljørapporten, vil ein del av røyrleiingstraseen/vegen med inntak føre til at ein sers viktig rikmyr vil bli sterkt negativt påverka av det planlagde tiltaket. Ørskog er eit av kjerneområda i fylket når det gjeld rikmyr og det er berre 3 av dei registrerte i kommunen som har verdi A og som kan karakteriserast til å vere av nasjonal verdi. Det vart funne fleire kravfulle og sjeldne artar på myra, men merk at myggblom, som vart påvist like ved inntaksdammen, ikkje er på raudlista frå 2010. Jf. oppdatert områdeskildring i Naturbase for Vaksvikfjellet: Vestreelva (BN00075823). Lokaliteten har fått den høgste verdien fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr, samstundes som den er artsrik og har ein del av rikmyrsorkidéen engmarihand. Det må også leggast vekt på at myra mellom anna har ei av dei 4-5 beste utformingane for naturtypen på Sunnmøre og er ei av dei rikmyrene på Sunnmøre som har størst areal. Lokaliteten utgjer ein sers viktig, uerstatteleg og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Etter den nasjonale raudlista for naturtypar (2011) er både rikare myrflate og myrkantmark i låglandet vurdert til å vere sterkt trua. Inngrep i myra inneber ikkje berre direkte konsekvensar, men røyrgrøfta kan i tillegg få ein drenerande effekt på naturtypen utover sjølve traseinngrepet og som får ei breidde på opp mot 20 m. Vi ser det òg som uheldig at røyrtraseen er tenkt plassert i overgangssona mellom naturelementa myr og vassdrag.

Landskap/friluftsliv

Nedbørsfeltet til Vestreelva dannar ei "gryte" omkransa av Vestrefjellet, Geitanibba, Koldafjellet og Snaufjellet. Elva oppstår som summen av fleire småbekkar som renn nedetter torvmyrer mot skoggrensa og samlast der inntaket er tenkt plassert på kote 300 moh. Dei første 500 meter renn elva i ope landskap med litt spreidd bjørkeskog. Frå omlag kote 250 renn elva for det meste godt gøymd i tronge gjel med svært mange djupe kulpar. Vegetasjonen langs elva består av bjørkeskog og etter kvart meir dominerande furu-blandingsskog ned mot den øvste busetnaden. Etter krysset med kommunal veg skil elv og planlagt rørtrase lag. Elva renn djupt i ein elvedal med svært rik kantvegetasjon (lauvskog), noko som gir svært lite innsyn til sjølve vasstrengen. I landskapsbildet er elva lite framtrødande, og om sommaren med lauv på skogen er ho nesten usynleg. Området nedanfor riksvegen er prega av tilgrodd tidlegare kulturmark på sørsida og dyrkamark med busetnad på nordsida.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget i alt vesentleg oppstraums anadrom strekning. Lokalisering av kraftverket er planlagt etter to alternativ. Alternativ 1 med direkte utløp til fjorden 100 meter syd for munning av elva og alternativ 2 i elva om lag 110 meter ovanfor munning til fjorden. Alternativ 2 vil være det beste knytt til fisk og vassføring i utløpet. Vidare oppstraums i influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elvøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova. Vi rår til at alternativ 2 blir valgt.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Det vert reduksjon av INON 1-3 km frå tekniske inngrep med om lag 0,3 km².

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi finn å måtte reise motsegn til at ein del av rørleiinga blir lagt i den nasjonalt verdfulle rikmyra i området. Eit alternativ kan vere at inntaksdammen blir lagt lågare.

Vi stør NVE sitt krav om tilleggsgranskingar på strekning frå osen til Skarbøhølen, for få dokumentert om denne elvestrekninga kan ha reproduksjon av anadrom fisk og om der er ål. Kraftstasjonen bør lokaliserast i tråd med alternativ 2 eller høgare opp i takt med resultat frå granskingane omkring anadrom fisk.

3.5 Ørskogelva kraftverk*Kort om søknaden*

Ørskogelva kraftverk vil nytte eit fall på 165 meter i Ørskogelva, frå vassinntaket på kote 290 til kraftstasjonen på kote 125. Vassvegen er planlagt på austsida av elva som nedgrave rørgate med ei total lengde på 3500 meter. Det er planlagd 120 meter ny veg i tilknytning til kraftverket og oppgradering av eksisterande skogsveg på austsida av elva.

Middel-vassføringa er 2 m³/s, og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 4 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 4020 meter. Slipp av minstevassføring er planlagt til 268 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 92 l/s resten av året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 16,2 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 15.05.2014. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 1-3 synfaringdagen 15.05.2014

Foto 1) teke nedstrøms frå bru over elva like nedanfor planlagt vassinntak, 2 og 3) elvelandskapet vidare nedover med Dynjafossen som er omsøkt regulert

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane.

Det er positivt at utbyggingsområdet er kartlagt etter metodikken i DN-handbok 13. Karplantefloraen er vurdert som triviell og artsfattig og det blei ikkje funne sjeldne eller kravfulle artar.

Av størst interesse er to fosserøyksoner/fosseenger. Den eine ligg nedanfor Kvanndalsbrua ved Dynjafossen og har fått verdi C. Den andre ligg litt oppom samløpet med Tverrelva (Juvene), og som òg har fått verdi C. Vi vil merke at sjølv om desse har verdi C, må dei likevel karakteriserast som lokalt sjeldne. Naturtypen er tidlegare ikkje registrert i kommunen og i 2011 kom fosseberg-fosseeng inn på den nasjonale raudlista som ein naturtype som er nær trua (NT).

Av dei to fosserøyksonene/fosseengene er den ved Dynjafossen den viktigaste og lokaliteten vil bli negativt påverka av redusert vassføring. Det mest interessante ved fossen er funna av bergfrue og gulsildre som begge er middels kravfulle artar. Etter rapporten er mosefloraen truleg òg noko rikare enn vanleg, sjølv om det heller ikkje blant denne gruppa vart funne spesielt kravfulle artar. Det varierte miljøet med ein del bergvegger, fuktige miljø og innslag av meir løyseleg berggrunn, gjer likevel at det er eit klart potensiale for slike her.

Landskap/friluftsliv

Vi finn det svært uheldig at dam for vassinntak er planlagt like oppstrøms Kvanndalsbrua. Dette vil redusere kvaliteten av opplevinga av elva frå ferdsel over brua. Likeeins vil inntaket av vatn på omsøkte stad sterkt påverke opplevinga av den særigne elvestrengen nedstrøms der elvevatnet renn i høg hastighet mellom grunnfjellsrabbar, viser til vedlagte foto 1. I det heile er elvemiljøet i denne delen av Ørskogelva og vidare nedstrøms med veksling mellom fossar og kulpar, eit eineståande døme på flott vassdragsnatur. I høgdefall er Dynjafossen høgaste (foto 3). Fossen er synleg frå E39. Lange strekningar nedstrøms Dynjafossen har etasjar av grunnfjell som skaper flotte kulpelandskap i ein verdfull vassdragsnatur det er vel verdt å ta vare på.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstrøms anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure. Vi er usikker på kva kvalitet den stasjonære auren har. Det kan tenkast at med det kulpelandskapet som finst, vil auren kunne vekse fram til ein større storleik enn det som ofte er vanleg i stasjonære elvebestandar. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Etablering av Ørskogelva kraftverk vil ikkje redusere arealet av inngrepsfrie naturområder.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Øvre del av planlagde regulerte strekning i Ørskogelva utgjør ein einestående vassdragsnatur med veksling mellom kulpar og fossar. Dynjafossen er den mest framtrèdande og representerer samstundes den raudliste naturtypen fosseeng. For å ta vare på dei opphavlege kvalitetane i denne delen av vassdraget vil vi rå til at vassinntaket vert flytta 500 m nedstrøms. Vi reiser motsegn på dette punkt.

4. Vår vurdering av dei ulike prosjekta i Sykkylven kommune

4.1 Aurdal kraftverk

Kort om søknaden

Aurdal kraftverk vil nytte eit fall på 127 meter i Aurdalselva, frå vassinntaket på kote 227 til kraftstasjonen på kote 100. Vassvegen er planlagd som 1130 meter nedgrave røyrgate på sørvestleg side av elva. Det er planlagd å oppgradere eksisterande traktorveg til kraftstasjonen og eksisterande sæterveg mot inntaket må oppgraderast og forlengast med om lag 220 meter. Det er òg planlagd mellombels anleggsveg langs røyrgata. Middelvassføringa er 1,1 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2,2 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 1350 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7,5 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 15.05.2014. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte.

Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane.

Etter rapporten kan lav- og mosefloraen stort sett karakteriserast som vanleg. Unntaket er kystkoppmose og sumpfagermose som kan karakteriserast som regionalt sjeldne artar. Dei har truleg ein viss signalverdi for verdfulle naturmiljø. Begge vart funne ved den øvste fossen. Med unntak av kravfulle artar i ei lita rikmyr, er også karplantefloraen karakterisert som vanleg. Det er ikkje funne nasjonale raudlisteartar i utbyggingsområdet og rapporten inneheld ei fagleg vurdering når det gjeld potensialet for slike artar. Vi har ikkje merknader til vurderinga.

Det vart identifisert og avgrensa tre små naturtypelokalitetar etter DN-håndbok nr 13. Dette gjelder to fossesprøytoner og ei lita rikmyr og som er viste på kart. Alle med verdivurdering C. Det viktigaste fosseområdet er det øvste. Fossen er ca. 10 m høg og tredelt med tre fossefall. På bergvegger og i sig er det kravfulle artar som gulsildre samt dei to regionalt interessante moseartane.

Foto Leif Magnus Sættem




Foto 1-4 synfaringdagen 15.05.2014

Foto 1) motstraums i område for vassinntak, 2) markert foss på planlagt regulert strekning, 3) og 4) elvetilhøva som blir påverka øvst opp på lakseforande strekning.

Landskap/friluftsliv

Utbyggingsområdet er frå før prega av inngrep i form av vegar, dyrkingsfelt, kraftlinjer, skogplanting, sæterdrift og øvrig busetnad. Inngrepsfrie eller freda naturområde vil ikkje kome i konflikt med utbygginga. Det er lokalisert tre naturtypelokalitetar, to fosserøyksonar (sjå foto 2) og ei lita rikmyr, av lokal interesse, men desse vil ikkje verte røyvde ved utbygginga.

Fisk og vassdragsøkologi

Vi saknar ei meir grundig skildring og vurdering av dei ferskvassøkologiske tilhøva i influensområdet. Det som er peikt på i søknaden om naturmiljø har jamt over ein negativ tone om kva kvalitetar som finns i området. Nokre døme på dette finn vi i t.d.:

«Det er ikkje kjent at det i utbyggingsområdet er spesielle eller uvanlege biologiske kvalitetar som vil verte røyvde. Elva har ikkje stor betydning for fisk eller fiske. Observasjonar av anadrome fiskeslag, i form av utsleppt yngel, er kun registrert i nedre del av elva. Det er antatt at ca 200 m av elva, oppstraums kraftverket, tidvis kan innehalde anadrome fiskeslag. Ein reknar i det heile med at utbygginga vil ha liten til ingen negativ verknad på fisk og øvrig biologiske tilhøve i elva». Vidare i søknaden finn vi at «anadrome fiskeslag treng sandbotn for å gyte og at det ikkje har vore registrert

anadrome fiskeslag i elva etter rotenonbehandlninga på 1980-talet.» Begge dei to siste utsagna er feil.

Aurdalselva er øvre del av det laks- og sjøauførande Aureelv-vassdraget, med Andestadvatnet og Aureelva som munnar ut i Sykkylven sentrum. Aurdalselva er laks- og sjøauførande i om lag 2 km, der om lag ein tredel av denne strekninga vert påverka av omsøkte planar. Det er verdt å nemne at det vart mobilisert eit stort lokalt og nasjonalt engasjement med store økonomiske midlar i kampen for å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Resultatet av innsatsen er at vassdraget i dag er friskmeldt.

Tilhøva for anadrom fisk er ei prinsippal side ved saker som denne. Det kjem ikkje fram i søknaden at stopp på lakseførande strekning er vesentleg lenger oppstraums enn den planlagde kraftstasjon. Under eigen synfaring vurderte vi at anadrom fisk på gytevandring kan gå om lag 600 meter forbi kraftstasjonen til eit punkt like nedstraums kraftverksline over elva. Reguleringa vil med det påverke dei ferskvassøkologiske tilhøva med laks og sjøaufe som karakterartar over ei tilsvarande lang strekning, sjå vedlagte foto 3 og 4. Slik vi vurderer søknaden no, vil vi sterkt rå til at kraftstasjonen blir flytta oppstraums mot stopp lakseførande strekning og at minstevassføringa vert auka.

Ut frå søknadens manglande kunnskap om tilhøve i Aurdalselva, rår vi til, slik NVE gjer framlegg om, å iverksetje tilleggsgranskingar om kva påverknad og konsekvens utbygginga vil ha for det akvatiske miljøet i tiltaksområdet.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Tiltaket vil ikkje gå inn i inngrepsfrie område.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi ser det som ønskeleg at konsekvensane av redusert vassføring i den øvste fossesprøytsonea vert utdjupa. For denne fossesprøytsonea vil i alle fall ei størst mogleg vassføring vere eit føremon. Etter miljørapporten vil røyrledninga bli lagt utanfor rikmyra.

Ferskvassøkologiske tilhøve må greiast ut betre. Primært gjeld dette tilhøva for anadrom fisk i øvre del av Aurdalselva. Planlagd lokalitet for kraftstasjon ligg vesentleg nedstraums stopp lakseførande strekning. Vi rår til at stasjonsområdet vert flytta oppstraums nærare stopp for anadrom fisk.

Tilhøva knytt til anadrom fisk gjer at vi må reise motsegn til utbygging av vassdraget etter dei planar som ligg føre.

4.2 Kroken kraftverk

Kort om søknaden

Kroken kraftverk i Regndalselva er planlagd med to alternativ:

Alternativ 1 er å nytte eit fall på 365 meter, frå vassinntak på kote 425 til kraftstasjon på kote 60. Vassvegen er planlagd som 7-800 meter bora tunnel og 100-200 meter nedgrave røyr

vest for elva. Det er planlagt å ruste opp 450 meter eksisterande skogsveg og byggje 540 meter ny veg til kraftverket. Middelvassføringa er 1,0 m³/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 1,85 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 1400 meter. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 470 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,49 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 17,4 GWh.

Alternativ 2 er å nytte eit fall på 130 meter, frå vassinntak på kote 200 til kraftstasjon på kote 70. Vassvegen er planlagt som 600 meter nedgrave røyr langs elva, først på nordsida, så kryssande til austsida. Veg til kraftverket vil følgje eksisterande skogsveg eit stykke, vidare må det byggast ny permanent veg til planlagt kraftstasjon. Det er òg planlagt mellombels anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa er 1,0 m³/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 2,05 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 550 meter. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 470 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,3 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 31.10.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Foto Leif Magnus Sættem




Foto 1 og 2 synfaringsdagen 21.11.2013

Foto 1) Regndalselva sett frå hovudvegen gjennom Velledalen med piler for plassering vassinntak alt. 1 og 2. Foto 2) miljøet i og ved Regndalselva på planlagt regulerte strekning

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget i denne saka som rimeleg godt. Området er i ulike samanhengar kartlagt og vurdert etter DN-handbok 13. Kartlegging av område etter denne metodikken identifiserer areal som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet og som er tilgjengelege i www.naturbase.no, men vi må bemerke at det er gjort eit interessant funn av raudlistearten skoddelav i kategorien VU (sårbar) i området etter at rapporten vart skreve. I tillegg har vi synfart den nedre delen av området og vi vil legge til at skogen ved Kroken, på begge sider av elva, har karakter av flaumpåverknad og inneber såleis også ein naturfagleg verdi.

Vi vurderer Regndalen med vassdrag som eit kjerneområde for det biologiske mangfaldet i kommunen. Sjølv om karplante-, lav-, og mosefloraen stort sett er vanleg, er det gjort funn av einiske kravfulle eller sjeldne artar. Mest oppsiktsvekkande er dei talrike og individrike førekomstane av den sårbare (VU) raudlistearten praktdraugmose. Arten høyrer til dei mest fuktkevjande blant mosesamfunna på fastmark. Han er sterkt knyt til oseaniske miljø i område med høg til sers høg årsnedbør. Funna inntil den øvste fossen, mellom anna i den nær trua (NT) naturtypen fosseberg og fosseeng, er spesielt interessante. Etter rapporten er det mykje som tyder på at dette er det første funnet i Norge i den naturtypen. Funn lenger nede, i furuskogen, er òg av interesse, da desse er nye nord for Stad. I miljørapporten kjem det vidare fram at populasjonen truleg utgjer to tredjedelar av dei samla førekomstane i Møre og Romsdal.

Funnet av skoddelav, som vart gjort i år, er tilgjengeleg på Artskart. Det gjeld fleire godt utvikla eksemplar like ved stien nær Gåsmyra. Vi reknar med at dersom ein biolog hadde fokusert spesielt på denne arten, må det reknast med funn av fleire lokalitetar i utbyggingsområdet. Det er så langt berre registrere nokre få funn av denne arten i Møre og Romsdal.

Det er positivt at det i tillegg til opplysningar om spesielle artar òg er gjort ei vurdering av potensialet for andre artsfunn. Vi har merka oss at det særleg nord for Stad er uvanleg å finne raudlista artar eller naturtypar i tilknytning til elver og fossefall.

Alternativ 1 har etter miljørapporten negative konsekvensar for vassdraget og tilgrensande natur frå kote 425 og ned til kraftstasjonen. Dette alternativet får konsekvensar for den sårbare praktdraugmosen i fosserøyksona ved den øvste fossen. Fossesprøytsona er elles som naturtype sers viktig. Lokaliteten med skoddelav kjem på grunn av veg/kraftstasjon i fare ved eventuelt val av dette alternativet.

Alternativ 2 tek betre vare på vassdragsnaturen enn alternativ 1. Det er ikkje påvist negative konsekvensar for praktdraugmosen og den viktige fosserøyksone ved den øvste fossen er sikra. Ulempa med dette alternativet er, i tillegg til redusert vassføring, at røyrleiinga vil føre til inngrep i kanten av naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark med verdi A. Tilkomstvegen vil føre til terrenginngrep i overgangssona mellom ei kystmyr med verdi B og ein gammal lauvskog med verdi A. Dette vil svekke biologiske samanhengar mellom to naturtypar med ulik artsamansetning på ein uheldig måte. Etter Naturbase er det registrert to kystmyrar i kommunen og Gåsmyra er den høgst prioriterte av desse to.

Landskap/friluftsliv

Dette landskapet har eit vilt preg med bratte alpine fjell-formasjonar nær busetnaden. I Velledalen har fleire fjell rassider/område og skredvifter innunder bratte fjellsider. Små fossar i bratte fjellsider og mindre snøbrear i kontrast mot eit frodig landbruksareal og skogsider set sitt preg på landskapet i Velledalen. Skogen er dominert av lauv og blandingsskog, men har og store felt med planta gran. Edellauvskog er og registrert i området.

Regndalsfossen er den største av fleire små fossar i området. Den er særleg godt eksponert mot aust og godt synleg frå riksveg 60 når ein kjem ned Velledalen (foto 1). Landskapsbildet i Velledalen og austover vert påverka då elva i Regndalsfossen er eksponert mot aust, og dermed godt synleg når ein kjem ned frå Strandafjellet. Dette er vist på figur 3.20.1 i søknaden der bekkane i Regndalen er vist saman med bekkane i Brunstaddalen. Bildet er tatt

ein dag med sol og +20 C i ein periode med lite nedbør, men litt avrenning frå breane i begge dalføra.

På figur 3.20.2 (fremst i dalen) og 3.20.3 (nedst i dalen) er dalsida i Velledalen vist ein dag med mykje regn. Dette for å visualisere at omfanget av rennande vatn nedetter fjellsidene er svært stort. Regndalsfossen er berre ein av svært mange fossefall som gjev inntrykkstyrke i periodar med nedbør og eventuell snøsmelting.

Regndalsfossen er den første fossen i Velledalen som vert omfatta av planar om småkraftverk. Det er heller ikkje kjent/realistisk med andre småkraftprosjekt i Velledalen som påverkar den visuelle opplevinga av rennande vatn. Næraste påverka fossefall er ved Riksheim kraftverk nede ved fjorden.

Frå før er der synlege restar av stølshus innan for INON områda som fell bort. For friluftsliv som toppurar, bærplukking, jakt og sportsfiske etter fjellaure i fjellvatna m.m. forventar ein ikkje konflikt ved bygging av Kroken kraftverk med inntak på kote 425 moh.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstraums anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elvøkosystem. Tiltaka påverkar ikkje anadrom strekning knytt til Velledalselva. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Alternativ 1 vil føre til reduksjon av INON sone 1 (3-5 km frå inngrep) med 1.0 km² og sone 2 (1-3 km frå inngrep) med 1.5 km². Tilsvarende vil det for alternativ 2 føre til ein reduksjon i sone 1 med 0.2 km² og sone 2 med 0.5 km². Reduksjon av INON er her klart uheldig. Dette inngrepsfrie området er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområder.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Regndalen med vassdrag er eit kjerneområde for det biologiske mangfaldet i denne delen av fylket. Ei utbygging vil få negative konsekvensar for både regionale og nasjonale naturverdiar. Vi finn difor å måtte reise motsegn til utbygging av vassdraget.

4.3 Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk

Kort om søknaden

Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk vil nytte eit fall på høvesvis 280 meter og 155 meter i elva Huna. Vassinntaket er planlagt på kote 450 for Øvre Huna og kote 160 for Nedre Huna. Kraftstasjonane er planlagd på høvesvis kote 170 og kote 5. Vassvegen er planlagt på austsida av elva som nedgrave røyr med ei total lengd på 2000 meter for Øvre Huna, og på vestsida av elva med ei total lengd på 1750 meter for Nedre Huna. Det er planlagt å nytte

eksisterande vegar i området og lage mindre avstikkarar på omtrent 100 meter for å kome fram til vassinntak og kraftstasjonar. Middelvassføringa er 0,5 m³/s for Øvre Huna og 0,74 m³/s for Nedre Huna. Kraftverka er planlagd med ein maksimal slukeevne på høvesvis 1,2 m³/s og 1,6 m³/s. Utbyggingane vil føre til redusert vassføring på totalt 3500 meter av elva. Slipp av minstevassføring er planlagt til 36 l/s for Øvre Huna og 53 l/s for Nedre Huna heile året. Øvre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 2,6 MW og produsere om lag 7,6 GWh årleg. Nedre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 1,95 MW og produsere om lag 6,1 GWh årleg. Det er òg fremma ei alternativ utbygging, Mellom-Huna, som vil ha inntak på kote 295 og kraftverk på kote 5. Det vil ha ein installert effekt på 2,7 MW og produsere om lag 8,3 GWh årleg.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 31.10.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-7.

Foto Leif Magnus Sættem



Øvre Huna foto 1 og 2 synfaringdagen 31.10.2013

Foto 1) foss like ovanfor vassinntak og 2) frå toppen av fossen ned dalen mot fjorden

Biologisk mangfald, terrestrisk

Miljørapporten er noko uoversiktleg på grunn av at to prosjekt er vurdert samla. Vi hadde sett det som ønskeleg at søknaden vart delt opp i sjølvstendige prosjekt slik som det til dømes er gjort for Vaksvelva i Ørskog kommune. Det er likevel ikkje tvil om at det er i den øvre delen at dei terrestriske naturverdiane er størst. Kunnskapen om desse vil vi vurdere som god. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggings-områda som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulentten eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane.

Det klart viktigaste i rapporten er funna og kunnskapen om den nasjonalt sers sjeldne karplanten færøymarikåpe i øvre del av Huna, sjå foto 3. Området med arten har fått verdien A i Naturbase og er avgrensa som naturtypen bekkekløft/bergvegg. Etter Artskart er funna langs øvre del og opp mot Storevatnet og Baklidalen dei einaste kjende i landet. Arten inngår i ei gruppe utprega oseaniske karplantar og er nær knyt til fukt og vassdrag. Funna er så nye at arten førebels ikkje har kome med på den nasjonale raudlista, men etter dei kriteria som vert brukt ved utarbeiding av raudlister, må det reknast med at han vil kome i kategorien EN (Sterkt trua). Funna er vurdert til å vere av høg vitskapleg verdi. Etter rapporten vil ein reduksjon i vassføringa få vesentlege negative konsekvensar for arten.

Det er elles ikkje funne spesielle eller nasjonale raudlisteartar i utbyggingsområda og rapporten inneheld ei fagleg vurdering når det gjeld potensialet for raudlista artar. Vi har ikkje merknader til vurderinga. Det kan vere potensiale for flatsaltlav (VU) langs fossane i Huna og elles vert lav- og mosefloraen stort sett rekna som ordinær.

Karplantefloraen vert karakterisert som artsrik i den øvre delen av området. Dette gjeld først og fremst rikmyr eller rike sig og rike bergveggar. Det er ikkje påvist andre konfliktrar i utbyggingsområdet i øvre Huna enn konsekvensane for færøymarikåpa.

Landskap/friluftsliv

Vassdraget har sitt utspring i fjella sør for Hundeidvik i Sykkylven kommune. Øvre del ligg over tregrensa gjennom dal med bratte sider og spisse fjelltoppar, 1200-1300 moh på begge sider. Under tregrensa renn elva i relativt tettvakse blandingsskog. I nedre del ligg bygdesamfunn med menneskelig påverknad i terrenget.

Foto Dag Holtan



Foto 3. Færøymarikåpe i øvre del av Hunda. Legg merke til samspelet mellom veksestad og fuktigheit.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar i Øvre Huna gjeld vassdragsterrenget oppstraums anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elvøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje

sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova i denne delen av vassdraget.

Foto Leif Magnus Sættem



Nedre Huna foto 4-7 synfaringsdagen 31.10.2013

Foto 1 og 2) nedre del mot bilveg og 3 og 4) vidare nedstraums mot utløpet i fjorden

Nedre Huna er ei vassdragsstrekning tilgjengelig for anadrom fisk. I søknaden vert det hevda frå grunneigarhald at anadrom fisk i dag er utdøyd. Fysiske tilhøva i elva gjer det mogleg for anadrom fisk å vandre opp frå fjorden og frametter dalen. Synfaringa for kort tid sidan stadfester dette, sjå foto 4-7. Det er fullt mogeleg å mobilisere elva med omsyn til gyting og produksjon av anadrom fisk. Ein føresetnad er at vassføringa ikkje vert endra gjennom kraftregulering. Planane om å lokalisere kraftstasjon ved fjorden sør for utløpet av elva er ei dramatisk endring av livsvilkåra i elva og kan ikkje kombinerast med ei berekraftig utvikling av anadrome fiskebestander knytt til vassdraget. Laks, men ikkje minst sjøaure, er i dag viktige og prioriterte artar innanfor naturforvaltning. Laks og sjøaure er generelt sterkt påverka menneskeleg verksemd som t.d. kraftutbyggingar, fiskeoppdrett og forureining. Naturforvaltninga set inn ei rekkje tiltak som har til formål å redusere eller fjerne det som påverkar anadrom laksefisk negativt.

Vi er samd med NVE om at dei fiskeribiologiske tilhøva med omsyn til anadrome artar og ål i Huna må granskast.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Omsøkte planer for Øvre Huna vil redusere INON sone 1-3 km med 1,6 km². Planane i Nedre Huna vil ikkje føre til bortfall av INON område.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Omsynet til færøymarikåpa gjer at vi må reise motsegn til ei redusert vassføring i øvre del av Huna. I praksis vil det seie til eit inntak høgare opp enn høgdekote 305.

Likeeins vil vi reise motsegn til planane for Nedre Huna ut frå omsynet til anadrome fiskearter.

4.4 Gimsdalselva kraftverk

Kort om søknaden

Gimsdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 305 meter i Gimsdalselva, frå vassinntaket på kote 455 til kraftstasjonen på kote 150. Vassvegen er planlagd som nedgrave røyr på nordsida av elva med ei total røyrlengd på 2300 meter. Det er planlagt 830 meter ny veg i tilknytning med kraftverksutbygginga, og oppgradering av eksisterande veg opp til Gimsdalssætra. Middelvassføringa er 0,87 m³/s, kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 1,47 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring i 3023 meter av elva. Slipp av minstevassføring er planlagt til 81 l/s heile året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 12,5 GWh.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 31.10.2013 og 15.05.2014. Tilhøva i vassdraget er gjeve i foto 1-4.

Biologisk mangfal, terrestrisk


Det er lagt fram ein rapport frå 2007 om verknader på biologisk mangfald. Vi hadde sett det som ønskeleg at det var fokusert noko meir på kva innverknad redusert vassføring kan få for vegetasjonen i den registrerte bekkekløfta. Vi har elles ikkje spesielle merknader til det faglege innhaldet i rapporten.

Rapporten omtaler fleire utbyggingsframlegg, men det er ikkje fullt ut samsvar mellom dei vurderte alternativa i miljørapporten og utbyggingsalternativet som vi har fått til uttale. Etter avsnitt 3.5 i søknaden kjem det fram at det ikkje ligg føre ein biologisk mangfaldsrapport frå området mellom kote 180 og 150. Men det er opplyst at ein tilleggsrapport er tinga frå same firma som siste gang og som vil bli ettersendt så fort den ligg føre. Etter kontakt med NVE legg vi til grunn at den nye vil bli ettersendt oss i løpet av sumaren.

Karplantefloraen er vurdert til dels å vere artsrik, spesielt i dei brattaste delane av Gimsdalselva vest for den øvste fossen. Skogsmiljøa har også interessante trekk, da særlig furuskogen som dels har ein høg alder. Både ein bekkekløft og ein kystfuruskog er skilt ut som egne naturtypar spesielt viktige for det biologiske mangfaldet og med verdi C.

Delar av lav- og mosefloraen er vurdert til å vere av fagleg interesse, men det er opplyst at tidspunktet var dårlig eigna til å fange opp fungaen. Etter rapporten er det truleg eit lite potensiale for kravfulle artar knytt til fuktige bjørkeskogar, inkludert frodige gråorskogar eller blåbærfuruskog. Størst potensial for funn av sjeldne artar er truleg knytt til daud ved av furu og osp.

Foto Leif Magnus Sættem



Gimsdalselva foto 1 og 2 synfaringsdagen 31.10.2013 og foto 3 og 4 den 15.05.2014

Foto 1-2) Vikelva i nedre del av regulert strekning mot planlagt kraftstasjon med fysiske tiltak tilrettelagt for produksjon og sportsfiske etter anadrom fisk markert med piler. Legg merke til grenseskilt for fiskesone i foto 1. Foto 3) utløpet av Gimsdalselva i Straumsdalselva (Vikeelva) og 4) Gimsdalselva med grenseskilt som regulerer sportsfiske

Det vert konkludert med at alternativ 3 er klart mest konfliktfylt da røyr gata går gjennom dei mest verdfulle delane av kystfuruslogen. Det er elles ikkje kjent spesielle kvalitetar som vil bli skadelidande. Ut over vassstrengen er det ikkje påvist spesielle fuktkevjangande miljø eller våtmarksområde direkte knytt til elva.

Landskap/friluftsliv

Landskapsbildet i Gimsdalen vert påverka ved ei eventuell utbygging. Gimsdalsfossen er eksponert og er godt synleg over store avstander.

Fisk og vassdragsøkologi

I følgje søknaden vil utbygging av Gimsdal kraftverk ikkje påverka anadrom strekning i Straumselva. Dette er etter vår oppfatning feil. Lakseførande strekning i dette vassdrags-systemet går langt forbi omsøkte lokalitet for kraftstasjonen, både vidare i Straumselva og opp i Gimsdalselva. Vi viser til vedlagte bilder av elva oppstrøms lokalitet for kraftstasjon med grenseskilt knytt til sportsfiske og spor etter biotopjusterande tiltak i elva. Søknaden er på dette punkt mangelfull og det vil vere av avgjerande verdi å framskaffe konkret kunnskap om fiskeribiologiske tilhøve i elva.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Plassering av inntaket vil redusere INON sone 1 med 1.2 km²

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi vil reise motsegn til planane for Gimsdal kraftverk ut frå omsynet til anadrome fiskeartar. Vi legg til grunn at alternativ 3 ikkje er aktuelt. Vi kan ikkje sjå at det elles har kome fram informasjon om spesielle konflikhtar knytt til det terrestriske miljøet i utbyggingsområdet, men vi må ta etterhald når det gjeld området som ikkje er undersøkt.

5. Oppsummering

På denne bakgrunnen kjem vi med følgjande syn på omsøkte planar for småkraftutbygging:

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til planar om utbygging i:

- Nedre - og Øvre Huna
- Gimsdalelva
- Aurdalselva
- Vestreelva
- Kroken/Regndalen
- Ørskogelva

Motsegnene i Nedre Huna, Gimsdalselva og Aurdalselva er tufta på omsynet til anadrome fiskebestandar. Dei aktuelle bestandane er svake, men dei naturgevrne tilhøva ligg til rette for å bygge opp att bestandane. Det er i dag ei prioritert oppgåve å styrke dei anadrome fiskartene i desse vassdraga.

Motsegna i Øvre Huna er knytt til førekomsten av den nasjonalt sers sjeldne karplanta færøymarikåpe og gjeld konkret for vassinntak høgare opp enn kote 305.

Motsegna i Vestreelva gjeld omsøkte trasé for røyrledninga som går gjennom ei nasjonal verdfull rikmyr.

Motsegna i Kroken/Regndalen er med bakgrunn av at dette er eit kjerneområde for biologisk mangfald i denne delen av fylket og eit utbygging vil få negative konsekvensar for både regionale og nasjonale naturverdiar.

Motsegna i Ørskogelva gjeld flytting av vassinntak nedstraums for å ta vare på verdfulle, opphavlege landskaps- og vassdragskvalitetar.

Fylkesmannen vil rå i frå føreliggande planar om utbygging i:

- Grytavatnet kraftverk

Kraftstasjonen bør flyttast lenger opp i vassdraget eller så bør ein ny rørtrase utgreiast.

Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av:

- Kverve kraftverk
- Vaksvika kraftverk

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar biologisk mangfald: seniorrådgivar Kjell Lyse, tlf 71 25 84 26

Kopi

Miljødirektoratet	postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Sykkylven kommune		6230	Sykkylven
Ørskog kommune		6240	Ørskog